

Til deg som går i
5. eller 6.klasse

LYS VAKEN

Har du lyst til å vere med på noko spennande?

12.-13. november inviterer me deg til å bli med på LysVaken i Forsand kyrkje!

Der skal me mellom anna utforske kyrkja, ha leikar og aktivitetar, ete god mat, førebu gudstenesta, og sist, men ikkje minst, overnatte i kyrkja!

LysVaken handlar om å vere lys vakne for det som skjer rundt oss. Me skal vere lys vakne for kvarandre, for Gud og for oss sjølve. Og me skal få høyre om Gud, -som alltid er lys vaken for oss. -Det handlar altså ikkje om å vere vaken heile natta ;)

Tidspunkt: Me samlast i Forsand kyrkje laurdag 12.november kl.16.30. På søndag deltek me på gudstenesta kl.11, då er foreldre og søsken hjarteleg velkomne til å bli med! Dette blir avslutninga på LysVaken.

Det er påmelding innan 1.november til kyrkjekontoret på tlf 51700170, på mail til kyrkjekontoret@forsand.kommune.no eller du kan levere påmeldingsarket til kyrkjekontoret i kjelleren på kommunehuset.

Ca ei veke før LysVaken får alle påmeldte eit brev/mail med pakkedliste m.m.

Med venleg helsing
Forsand kyrkjelyd
-ved kyrkjelydsarbeidar Irene Thu

LYS VAKEN

Kjære foreldre/føresette til ein 5. eller 6.klassing

Din 5./6.-klassing er nå invitert til LysVaken i Forsand kyrkje 12.-13. november 2016. Dette arrangementet blir arrangert i mange kyrkjer over heile Noreg i løpet av november, og er ei del av trusopplæringstilbodet i kyrkja.

På laurdagen vil det vere eit variert program med ulike aktivitetar, leik, utforsking av kyrkja, førebuing av gudsteneste, måltid og sosialt samvær. Når kvelden kjem, søv vi over i kyrkja. Søndag et vi frukost saman, før vi tar dei siste førebuingane til gudstenesta.

Foreldre og søsken er hjarteleg velkomne til å bli med på gudstenesta som byrjar kl. 11.00 på sundagen. Då skal LysVaken-deltakarane vere med og vise det vi har øvd på i helga. Det er mange ulike oppgåver på ei gudsteneste, både for dei som likar å opptre og for dei som heller vil gjere noko anna, så alle som vil får bli med å gjere noko.

Etter gudstenesta blir det kyrkjekaffi.

LysVaken handlar om å vere lys vakne for det som skjer rundt oss. Me skal vere lys vakne for kvarandre, for Gud og for oss sjølve. Og me skal høyre om Gud, -som alltid er lys vaken for oss. Det handlar altså ikkje om å vere vaken heile natta! ☺

Det er både ansatte og frivillige som er med som leiarar på LysVaken. Likevel ønskjer me å ha med fleire vaksne. Når me er mange vaksne tilstades blir det betre tid til å snakke med borna, fleire som kan sjå etter at alle har det bra, fleire til å fremme eit inkluderande miljø der alle deltakerane føler seg sett og ivaretatt. Dette er viktig! Derfor ber me alle som har høve til å bli med nokre timar, enten på laurdag eller på søndag, om å krysse av på påmeldingsskjemaet. Me vil då ta kontakt for å avtale nærare.

Om dykkar born treng ekstra hjelp, oppfølging eller tilrettelegging ber me deg gje oss melding om dette så fort som mogleg, slik at me kan få legge til rette for at LysVaken blir ei flott oppleving for dykkar barn.

Meir praktisk informasjon vil kome når arrangementet nærmar seg. Me ønskjer barnet ditt hjarteleg velkomen!

Med venleg helsing

Forsand kyrkjelyd

-ved Irene Thu, kyrkjelydsarbeidar

Påmelding til LysVaken

Påmelding innan 1.november til kyrkjekontoret på tlf 51700170,
mail kyrkjekontoret@forsand.kommune.no,
eller send/lever skjemaet nedanfor til kyrkjekontoret

Namn:

Mobil til føresette:

Eventuelle allergier:

Eg/me har høve til å vere med nokre timar på
laurdag eller søndag:

Vårt barn treng spesiell oppfølging/tilrettelegging

(Set kryss så tek me kontakt. Om du vil kan du skrive ein kommentar
på baksida av arket)

Er det noko du lurar på så er det berre å ta kontakt med meg
på tlf. 91703726 ☺

Helsing
Irene Thu
Kyrkjelydsarbeidar